



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/2738-1

Sakshandsamar: Åse Ingebjørg Flateland

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	07.12.2022	121/22
Kommunestyre	13.12.2022	29/22

Oppstart for revidering av Næringsplan 2023-2026

Saksframlegg godkjent av Arealplanleggar, Knut Erik Paulsen 09.11.2022.

Vedlegg

- 1 næringsvedtekter-2016---2020-vedteke-140616
- 2 vedteken-samfunnsdel-14062016

Bakgrunn for saka:

Gjeldande næringsplan for Tokke kommune, Næringsplan 2016-2020, skal reviderast. Vedteken planperiode er over, og det er trong for oppdateringar som følge av nasjonale målsettingar og utvikling i lokale tilhøve. Mellom anna er grøn omstilling og bærekraft - økonomisk, sosialt og kring klima/miljø – vektlagt i styrande dokument på regionalt og nasjonalt nivå. Dette bør innarbeidast i revidert plan.

Mellom anna er følgande planar aktuelle i planarbeidet:

[Regional strategi for forskning, innovasjon og næring 2022-2030](#)

[Regional startegi for reiseliv og opplevelser 2022-2030](#)

[Kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028](#) er førande for Tokke kommune, med overordna mål, delmål og strategiar.

HOVUDMÅL FOR TOKKE KOMMUNE

- Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.
- Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.

- Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.

ARBEIDSPASSAR OG NÆRINGSUTVIKLING

5.2.1 Styrke omdømme til Tokke som næringskommune

Strategiar/ tiltak:

- Positiv profilering av næringslivet i kommunen, i media og på aktuelle arrangement
- Få fram gode, nyskapande prosjekt som gjer oss synlege!
- Lyfte fram eldsjeler, sjå potensiale i nye initiativ og satsingar.
- Knytte kontaktar med utflyttarar/ aktuelle innflyttarar gjennom VT - konferansen/ yrkesmessa. o Utvikle møteplassar for dialog og samarbeid. Kommunen skal vere synlege i samarbeidsfora for næringslivet, lokalt og regionalt.
- Nytte potensialet som ligg i etablerte hytter, netthandel og fremje samarbeid knytt til handel, aktivitetar og arrangement.
- Samarbeide med Staten og fylkeskommunen om etablering av nye statleg og fylkeskommunal verksemd.

5.2.2 Halde oppe og vidareutvikle satsinga på reiseliv og hytteutbygging

Strategiar/ tiltak:

- Vinterdestinasjonen Hallbjønnsekken og utbyggingsområda for fritidsbusetnad på Skafsåheia er viktige satsingsområde for Tokke. Tiltak som fremjar marknadsføring/ omdømebygging, auka utbygging og fleire besøkande på anlegga, skal prioriterast.
- Telemarkskanalen er hovudsatsingsområde for reiselivet i Tokke sommartid. Verksemder og tiltak knytt til kanalen skal vidareutviklast for å møte nye tider, samstundes som vi skal vidareføre dei gode, etablerte reiselivsprodukta og attraksjonane.
- Tiltak som er med på å auke samarbeid mellom etablerte reiselivsverksemder og småskalaproducentar/ verksemder i kommunen, skal prioriterast.
- Tokke sin kulturarv og etablerte kulturattraksjonar skal synleggjerast i profileringa av kommunen og i arbeidet med utviklinga av reiselivet.

Næringsplan 2016-2020 gir retningslinjer for prioriterte tiltak og satsingar i Tokke, i tillegg til retningslinjer for støtte til næringstiltak.

Hovudsatsingsområda er i dag;

1. Arbeidsplassar og næringsetableringar
2. Handel og senterutvikling
3. Profilering av Tokke som næringskommune
4. Reiseliv og kultur

Tokke kommune brukar gjeldande næringsplan aktivt, og handsamar søknadar om tilskot til etableringar og investeringar i tråd med denne. Tilskot frå næringsfond er ofte avgjerande for at den enkelte verksemd gjennomfører sitt prosjekt.

Vurdering

Planperiode for gjeldande næringsplan er 2016 -2020, og bør difor reviderast. Samstundes kan endringar og nye føringar fangast opp i planarbeidet. Det er naturleg at alle typar næring vert omfatta av planen, bortsett frå landbruk, som har eigen plan.

Tokke kommune ynskjer å utforme plan i samspel med næringsdrivande og andre som er interessert i nærings- og samfunnsutvikling. Det vil bli invitert til møter med målsetting om involvering, medverknad og samskaping. Næringsutvikling generelt, reiseliv og sentrumsutvikling vil vere tema på møta.

Det vil vere naturleg at planarbeidet følgjer hovudprinsippa om prosess og medverknad i Plan- og bygningslova, §§ 11.2, 3. lekk og 11-12. Planen blir ein tematisk kommunedelplan i det kommunale plansystemet.

Føringar i overordna, lokalt planverk som nemnd ovanfor, blir lagt til grunn for arbeidet.

Forslag til prosess:

Aktivitet	Tidspunkt	Aktør
Avklaring rammer	November 2022	Formannskap
Kunngjering av oppstart, med høve til innspel	November- Januar 2023	Tokke kommune, Næringsdrivande, andre interesserte
Utarbeiding av ny/ revidert plan	Januar/ Februar 2023	Tokke kommune, Næringsdrivande, andre interesserte
Framlegging av utkast til politisk handsaming	Februar 2023	Formannskap
Høyring/ offentleg ettersyn	Mars 2023	Tokke kommune
Vurdering av innkomne uttaler og framlegg til endeleg plan	April 2023	Tokke kommune
Slutthandsaming	April/ Mai 2023	Formannskap og Kommunestyret

Formannskap si handsaming av sak 121/2022 i møtet den 07.12.2022

Røysting

Kommunedirektørens tilråding var samrøystes vedteke

Vedtak

Tokke kommune set i gang arbeidet med å revidere næringsplan for perioden 2023 - 2026.

Planarbeidet skal innarbeide nye, nasjonale føringar, samt lokale føringar og vedtak.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune set i gang arbeidet med å revidere næringsplan for perioden 2023 - 2026.

Planarbeidet skal innarbeide nye, nasjonale føringar, samt lokale føringar og vedtak.